



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING VALSTYRET

Møtedato: 11.04.2016
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 17:00 - 18:00
Møtetispunkt er sett til kl. 1700, men starter rett i etterkant av kommunestyremøtet

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast til Sølvi Legård epost
solvi.legard@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
01/2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2016	UTLEGGING AV MANNTAL / VALKORT VED FOLKERØYSTINGA
03/2016	FASTSETJING AV TID OG STAD FOR FØREHANDSRØYSTING
04/2016	FASTSETJING AV RØYSTESTADER OG -TIDER VED FOLKERØYSTINGA

1. april 2016

Eirik Haga
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
01/2016	Valstyret	PS	11.04.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård		16/390

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
02/2016	Valstyret	PS	11.04.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 016	16/235

UTLEGGING AV MANNTAL / VALKORT VED FOLKERØYSTINGA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Manntalet vert lagt ut til offentleg ettersyn på Kundetorget i heradshuset. Manntalet skal leggjast ut så snart det lar seg gjera, og skal liggja ute til og med valdagen.

Det vert sendt ut valkort til alle røysteføre.

Saksopplysningar:

Det vert å senda tinging til Skatt Vest om uttrekk frå folkeregisteret til bruk som manntal på same grunnlag som til kommuneval. Skjeringsdato 31.03.2016. Det vert tinga eit utleggingsmanntal sortert på namn for heile kommunen og eit avskryssingsmanntal sortert på namn innan krets.

Rådmannen rår til at det vert sendt ut valkort til alle røysteføre. Ein ser difor ikkje behov for å leggje manntalet ut til offentleg ettersyn i alle krinsar.

Kunngjering om utlegging av manntalet vert gjort etter reglane i vallova.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
03/2016	Valstyret	PS	11.04.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 016	16/235

FASTSETJING AV TID OG STAD FOR FØREHANDSRØYSTING

Vedlegg:

Brevstemming utenriks og innenriks ved folkerøysting

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyret godkjenner at førehandsrøystinga skal føregå på Kundetorget i heradshuset i perioden 23. – 26. mai 2016.

Opningstider:	
23.05. – 24.05.	0800 - 1500
25.05. – 26.05.	0800 - 1900

Førehandsrøysting på institusjon:

Det vert lagt til rette for førehandsrøysting på Daletunet og Vaksdal sjukeheim onsdag 25.05. kl. 1000 – 1200.

Ambulerande røysting:

Frist for å søkja om å få røysta til ambulerande røystemottakar vert sett til fredag 20.05. kl. 1200.

Brevrøysting:

Valstyret godkjenner at det skal vere mogeleg å avgje brevrøyst både utanriks og innanriks for valjarar som ikkje er i Vaksdal kommune i perioden for førehandsrøysting og på valdagen.

Saksopplysningar:

I samsvar med framlegg til vedtak i kommunestyret sitt møte 11.04., vert det lagt til rette for førehandsrøysting i perioden 23. – 26. mai 2016. Førehandsrøystinga skal føregå på Kundetorget i heradshuset, som ved ordinære val.

Det vert og opna for førehandsrøysting på dei to institusjonane i kommunen, i samsvar med § 8-3 (2) i vallova, samt ambulerande røysting i samsvar med § 8-3 (6).

Ved folkerøysting er det berre høve til å røyste i Vaksdal kommune. Det vert difor tilrådd og opne opp for brevrøysting både utanriks og innanriks for veljarar som ikkje kan førehandsrøyste eller

røyste på valdagen. Framlegg til prosedyre for brevrøysting ligg ved.

BREVRØYSTING

I samband med rådgjevande folkerøysting om kommunereforma kan det nyttast brevrøysting utanriks og innanriks for dei som ikkje er i Vaksdal kommune under den ordinære førehandsrøystinga og på valdagen.

Brevrøyster kan sendast innanfor perioden for førehandsrøysting, frå og med 23. mai til og med 26. mai og må vere valstyret i hende seinast valdagen, 30. mai.

Veljaren er sjølv ansvarleg for at røysta er valstyret i hende innan valdagen 30. mai.

Framgangsmåte

Konvoluttar:

Du treng tre konvoluttar; ein **røysteseddelkonvolutt** til å legge røysteseddelen i, ein **omslagskonvolutt** til å påføre dine opplysningar på, samt ein **oversendingskonvolutt** med adressa til valstyret i Vaksdal.

Røysteseddel:

Du kan anten skrive ut den offisielle seddelen frå kommunen si heimeside (tilgjengelig frå 23. mai). Eller, dersom du ikkje har offisiell seddel, kan du bruke eit blankt ark og skrive på kva du røyster (JA eller NEI til samanslåing), samt at det gjeld folkerøysting om kommunereforma i Vaksdal 2016.

Slik gjer du:

1. Legg røysteseddelen i ein blank konvolutt (**røysteseddelkonvolutt**) og lim igjen.
2. Legg deretter den blanke konvolutten med røysteseddelen inni, i ein ny konvolutt (**omslagskonvolutt**). Konvolutten skal limast igjen (viktig!).
3. Omslagskonvolutten skal påførast følgjande opplysningar:
 - a. Brevrøyst ved rådgivende folkerøysting 30.05.2016 til valstyret i Vaksdal kommune
 - b. Personaliala:
 - Navn og adresse (i Norge)
 - Fødselsnummer (11 siffer)
 - c. Skriv under med namn og dato
 - d. Om mogleg, bør eit vitne stadfeste at det som er påført omslagskonvolutten er rett. Vitnet sitt namn, adresse, fødselsdato og underskrift vert å påføra omslagskonvolutten.
4. Legg omslagskonvolutten i ein **oversendingskonvolutt** og skriv på adressa til valstyret:
Valstyret i Vaksdal
Konsul Jepsensgate 16
5722 DALEKVAM

NB! Husk å poste røysta di så tidlig som mulig, og seinast 26. mai, slik at ho er valstyret i hende innen 30. mai!



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2016	Valstyret	PS	11.04.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 016	16/235

FASTSETJING AV RØYSTESTADER OG -TIDER VED FOLKERØYSTINGA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Røystestad:	Røystetid:
Dale barne- og ungdomsskule for krins 01 Dale og 03 Bergsdalen	kl 1400 - 2000
Stanghelle skule	kl 1400 - 2000
Vaksdal samfunnshus	kl 1400 - 2000
Stamnes skule	kl 1400 - 2000
Eidsland grendahus for krins 06 Eidsland og 07 Eksingedalen	kl 1400 - 2000

Saksopplysningar:

Kommunestyret har vedteke at det skal haldast folkerøysting om kommunereforma måndag 30. mai.

Valstyret har fått fullmakt til å avgjere kor røystegjevinga skal foregå, fastsetje tider for røystinga og oppnemne røystestyre.

Av omsyn til praktisk gjennomføring og økonomi vert det føreslått å slå dei minste krinsane saman til eit røystelokale, dvs. at veljarar i Bergsdalen må til Dale for å røyste og at Eidsland og Eksingedalen vert slått saman til eitt røystelokale.

Det vert føreslått å ha lik røystetid i alle krinsane, kl 1400 – 2000.